



Eikjo på Rød står på bygdetunet og er eit av fem freda tre i Kvinnherad.

**Freda eiketree er eit naturminne. Det som vert kalla Rød naturminne, er frå 26. mai 1933. Føremålet med vernet var å ta vare på ei stor gamal eik på tunet til Brigt Rød. Eika er eit punktobjekt og har hatt skilt med Kongens løve i alle år etter fredinga. I dag er Eikjo på Rød eit av fem freda tre i Kvinnherad, saman med barlind på Varaldsøy ( to stk. ) og i Ølve og asketre på Halsnøy Kloster.**

Eikjo på Rød vart målt i 2012. Då var omkrinsen i brysthøgde 7,2 meter. Treet vert definert som ei hol eik og er ein utvald naturtype etter naturmangfaldslova. Eikjo er truleg beskore i ein tidlegare vekstfase og hovudstamma deler seg i tre sekundærstammer 1 - 2 meter over bakken. Det finst ein del greinbrekk og nokre daude greiner, men det er ikkje meir enn det som er normalt på så gamle og store eiketree. ( Refr. rapport frå Fylkesmannen ) Det vart utført skjøtselsarbeid på Eikjo for nokre år sidan.

Eit holt eiketree er eit eldorado for insekt. Hundrevis av ulike artar insekt held til i Eikjo på Rød. Funn har synt at 40 % av Noregs 3600 biller er å finna i eiketree. Dei lever sitt liv, nokre fyk ut og pollinerer område rundt. Eiketree med alle sine insekt er difor viktig for naturmangfaldet.



Eikjo på Rød fekk skilt med Kongens Løve i 1933.

Det vert sagt at eit eiketree veks i 300 år, lever i 300 år og døyr i 300 år. Om ein reknar Eikjo på Rød frå sein mellomalder, 1400 - 1500 talet, ja, så er treet truleg starta på sine siste 300 år. Det fortel noko om tidsperspektivet i naturen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Kjelde: Morten Nygård, Grenda/ A - Magasinet 11. okt. 2019